

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 21.09.2023

FRÅ Kst. administrerende direktør Lene Svanberg Jakobsen
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen, prosjektleiar Anneli Tyvold

SAKA GJELD: **Administrerende direktør si orientering, pkt. 4 Status eindose i Helse Vest**

ARKIVSAK: 2022/704
STYRESAK: 30/23

STYREMØTE: 28.09.2023

Oppsummering

Plassering av eindoseanlegg i Haugesund vart vedteke i regionalt AD-møte i Helse Vest mai 2023. Eindoseanlegg i Haugesund er eit delprosjekt i byggeprosjektet Bygg Haugesund 2020. Helse Fonna er byggherre og Sjukehusapoteka Vest (SAV) leiger areal. Prosjektet sine mål er å starta bygging/renovering av areala frå 18.09.2023, med innflytting første halvår 2024.


Produksjonsrom og sluse blir planlagd etter krav i URS (user requirement specification). Bygging og teknisk infrastruktur blir utført i tråd med TEK 17, som sikrar ivaretaking av klimakrav og allmenntekniske løysingar. Særlege krav til trykksetting, rutinar for reinhald, organisatoriske tilpassingar og rutinar for verksemda/eindoseanlegget skal ivaretakast av SAV.

Bakgrunn

Status for arbeid

Eindoseanlegget skal produsera tabletter og kapslar for levering til alle helseføretaka i regionen og blir planlagd for ein produksjon på 7mill. dosar/år. Det vil vera mogeleg å auka kapasiteten til 10 mill. doser/år ved behov.

Anlegget blir etablert i renoverte arealer på 380m² i underetasje 2 ved Haugesund sjukehus, som ligg ein etasje under Sjukehusapoteket i Haugesund sine noverande lokale.

Figur 1: Plan for framdrift

Figur 1 Plan for framdrifta

Økonomi

Prosjektet har estimert budsjett på 25 mill. for SAV sin del som gjeld innkjøp av utstyr, møblar og prosjektleiing. Finansiering er løyst gjennom innvilga lån frå Helse Vest RHF (sjå SAV styresak 23/23).

Kommentarar

Prosjektgruppa har møte kvar veke og medarbeidarar ved Sjukehusapoteket i Haugesund deltek. Det er dialog for å sikra overføring av erfaring mellom sjukehusapoteka i Skien, Trondheim og Kalnes om etablering, validering, integrasjonar og drift av eindoseanlegg. Prosjektet har hatt dialog med føretaket sitt arbeidsmiljøutval (FAMU), samhandlingsmøte i SAV og lokalt ved Sjukehusapoteket i Haugesund. Det har også vore dialogmøte med Statens legemiddelverk.